



Fyresdal kommune

Rådmannen

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref

2017/70-29

Saksbeh:

Kjersti Bergland,35067112
kjersti.bergland@fyresdal.kommune.no

Arkivkode:

S05

Dato:

01.04.2019

Revisjon av vilkår for Finndølavassdraget - høyring

Syner til vedlagte særutskrift/vedtak.

Då kjem høyringsuttala frå Fyresdal kommune, vedteken i kommunestyret 28. mars 2019.

Med helsing

Kjersti Bergland
økonomi- og plansjef

Vedlegg:

1 Høyringsuttale - vedteke i kommunestyret 28. mars 2019

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Fyresdal kommune

Arkiv: S05
 Saksmappe: 2017/70-26
 Saksbeh.: Erik Skjervagen
 Dato: 04.03.2019

Saksframlegg

Revisjon av vilkår for Finndølavassdraget - høyring

Utval	Utvalssak	Møtedato

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Vedlegg:

1 Revidert høyringsuttale - til handsaming i kommunestyret

Dokument i saka:

- Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget - Oversendelse av krav til kommentar frå NVE, datert 06.01.2011
- Revisjonssak for Finndølavassdraget, rapport utarbeida av Faun AS for kommunane Valle og Fyresdal etter synfaring i vassdraget, datert 09.09.2011.
- Mail til Arendal Vasdrags og Brugseierforening frå Fyresdal kommune, datert 19.10.2011.
- Brev frå NVE vedrørende krav om revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fistøylvatn, og Rauvatn i Finndølavassdraget i Valle og Fyresdal kommunar, datert 28.02.2012.
- K.sak 55/12. Krav om revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fistøylvatn, Rauvatn, regulering og overføring i Finndøla med vidare og bygging av Haukrei kraftverk.
- Brev frå Fyresdal kommune til NVE, datert 26.06.2012.
- Brev frå NVE om vedtak om revisjon av konsesjonsvilkår for regulering i Finndølavassdraget i - Valle og Fyresdal kommunar, datert 13.01.2017.
- Brev frå NVE om høyring av revisjonsdokument for Finndølareguleringa i Valle og Fyresdal kommunar, datert 13.08.18.
- Brev frå NVE til Arendal Vasdrags Brugseierforening, datert 11. januar 2011.
- Brev frå Sigurd Mjaaland, datert 31.08 2011 og 11.04.2012.
- Brev frå Bjørg Taraldlien, datert 30.10.2018.
- Brev frå Valle kommune til NVE, datert 06.03.2017.
- Revisjonsdokument - Finndølavassdraget, Fyresdal kommune, Telemark og Valle kommune, Aust-Agder, datert 13.02.2018.
- Brev frå NVE om synfaring - vilkårsrevisjon Finndøla, datert 30.08.2018.
- Brev frå Fyresdal kommune til Arendal Vasdrags Brugseierforening om kostnadsdekning, datert 28.09.2018.
- Revisjon av konsesjonsvilkår Finndølavassdraget, befaringsnotat, datert 09.10.2018.
- Mail til NVE frå Fyresdal kommune om utsetting av høyringsfrist, datert 10. oktober 2018.
- Mail frå NVE datert 11.10.2018 om utsetting av høyringsfristen for kommunane til 01.03.2019.

- Mail frå grunneigar Steinar Taraldlien, datert 27.11.2018
- Høyringsinnspel frå Forum for natur og friluftsliv Agder til revisjonsdokumentet for Finndølavassdraget i Valle og Fyresdal kommunar, datert 29.11.18.
- Presentasjon frå møte mellom Valle og Fyresdal kommunar, datert 29.10.2018.
- Referat frå møte mellom Fyresdal kommune og AVB 04.01.2019.
- Revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget, illustrasjon/biletdokumentasjon tilknytta nytt forslag til slepp og måling av minstevassføring frå Ulvsvatn i Bondøla, mail av 8.01.2019.
- Høyring av revisjonsdokument – Finndølavassdraget – Anmodning om kostnader til juridisk og sakkunnig hjelp, brev frå Valle kommune datert 07.01.2019.
- Vilkårsrevisjon Finndølavassdraget, brev frå Valle kommune datert 10.01.2019.
- Svar frå AVB til Valle kommune om oppmoding om å dekke kostnader til hjelp i revisjonsprosessen, datert 17.01.2019.

Vedlegg i saka:

- Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget – høyring Fyresdal kommune.

Bakgrunn for saka:

Det skal gjennomførast ein vilkårsrevisjon i medhald av vassdragsreguleringslova.

Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon/konsesjonar:

- **Kgl. Res. av 7.4.1961—Tillatelse til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget**
- **Kgl.res. av 14.8.1970- Ytterligere regulering og overføring i Finndølavassdraget**
- **Kgl. res av 22.3.1991 -Bygging av Haukrei kraftverk**

Valle kommune kravde i brev av 15.10.2010 revisjon av vilkår for konsesjon gitt i Kgl. Res. Av 7.4.1961 for regulering av Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget.

NVE avviste kravet på grunn av behov for ei samla revisjon av alle konsesjonane i Finndølavassdraget og konkluderte slik:

«Med grunnlag i vurderingene over bestemmer NVE at vilkårene for tillatelse til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget gitt ved Kgl. Res. av 7.4.1961 ikke åpnes for revisjon på dette tidspunkt, men at saken kan tas opp igjen i 2016. Dersom det da fremkommer opplysninger som tilsier behov for åpning av vilkårsrevisjon, vil NVE åpne for en samlet vurdering av konsesjonsvilkårene gitt ved Kgl. Res. av 7.4.1961 og Kgl. Res. av 14.8.1970.»

NVE oppfordra vidare Valle og Fyresdal kommunar til å samarbeide om felles spesifisering og prioritering av krav. I brev av 26.6.2012 frå Fyresdal kommune blei det på nytt fremja krav om revisjon og vist til at kommunane Valle og Fyresdal, i samsvar med NVEs krav, hadde samordnet sitt krav om åpning av vilkårsrevisjon for heile Finndølavassdraget med Hovatn, Fisstøylvatn, Rauvatn og Haukrei kraftverk. Kommunane har gjennomført ein open prosess i forkant av kravet om opning av revisjonssak, med møte og innhenting av innspel og kommentarar fra organisasjonar, grunneigarar og andre interesserte.

Fyresdal og Valle kommunar har samarbeidd og fått Faun AS til å utarbeide eit revisjonsdokument for Finndølavassdraget. Som del av dette arbeidet vart det gjennomført synfaring i vassdraget.

AVB har 1. februar år orientert munnleg om at kommunane Valle og Fyresdal vil få dekt kostnadar som må kome til for juridisk og hydrologisk hjelp.

Revisjonens føremål:

Ved ein revisjon av konsesjonsvilkår ser NVE det som hensiktsmessig at det blir gjort ein samla gjennomgang av konsesjonane.

Dei syner til at hovudformålet med ein revisjon er å betre miljø- og naturforholda ved å avbøte ulemper og negative verknader ved utbygginga. Bestemmelsar i konsesjonen om høgste og

lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) samt overføringer kjem ikkje inn under kva som kan reviderast. Revisjonen opnar imidlertid for å vurdere endring i blant anna manøvreringspraksis, minstevasslepp, biotopjusterande tiltak og utsetting av fisk.

NVE vil i sin behandling følgje OEDs "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner" av 25.05.2012.

NVEs vurdering og konklusjon i brev av 13. januar 2017:

"Det er NVEs syn at det ved en vilkårsrevisjon skal legges vekt på miljøforbedrende tiltak. De miljømessige virkningene som er tatt opp i kravene påvirker allmenne interesser som ligger innenfor det som kan ivaretas gjennom konsesjonsvilkårene. Behovet for slike vilkår vurderes best gjennom en revisjonsprosess.

Når det gjelder krav knyttet til økonomiske vilkår (konsesjonsavgifter, konsesjonskraft og næringsfond) og krav knyttet til privatrettslige forhold omfattes disse normalt ikke av en vilkårsrevisjon.

Finndølavassdraget er vurdert i den nasjonale gjennomgangen av konsesjoner som kan revideres (NVE rapport 49/2013), og ble plassert i kategori 1.2. I vannforvaltningsplanen for Agder vannregion (2016-2021) er miljømålet for vannforekomstene som vil omfattes av en revisjon (019-215-R, og 019-218-R) fastsatt til dagens tilstand (GØP) for perioden 2016-2021. NVE vedtar at det skal gjennomføres en vilkårsrevisjon etter vassdragsreguleringslovens § 10 nr. 3 med grunnlag i vurderingene over."

På grunnlag av NVE sitt vedtak har konsesjonær som er Arendal Vasdrags Brugseierforening (AVB) laga eit revisjonsdokument datert februar 2018. Det er gjennomført synfaring i vassdraget 9. oktober i år og kommunane har fått utsett høyringsfrist ut februar 2019.

I formannskapet 13. november 2018 orienterte rådmannen om revisjonssaka for Finndølavassdraget og formannskapet konkluderte på følgjande måte:

"Formannskapet ynskjer ikkje å godta ein reduksjon i minstevassføringa, men halde den på dagens nivå". Dette etter at det var halde eit felles møte mellom kommunane og konsesjonær den 29. oktober.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022 der det heiter; Arealforvaltninga skal ta omsyn til busetting, næringsliv og naturkvalitetar.

Dei to kraftverka i Finndølavassdraget (Finndøla og Haukrei) produserer årleg i overkant av 350 GWh. Dette utgjør straum til normalforbruk for omlag 17.500 husstandar. Dette er ei stor kraftutbygging i Fyresdal kommune som på denne måten bidreg mykje med sine naturressursar til storsamfunnet. Ei slik utbygging med tilhøyrande konsesjonar gir eit vesentleg inngrep i natur og miljø og skal kompensast for. Vilårsrevisjonen som nå blir gjennomført i vassdraget skal spesielt ivareta desse verdiane og endringar som følgje av reguleringa som ein ikkje såg føre seg den gong utbygginga vart gjort. Ved ei tilsvarande utbygging i dag ville det openbart blitt lagt inn andre føresetnadar enn det ein hadde kjennskap til den gong konsesjonane vart gitt. Dette skal det kompensast for gjennom vilårsrevisjonen og innarbeidast i konsesjonsvilkåra.

Saka blei behandla i PM-utvalet 12.2.19 der det blei gjort følgjande vedtak:

«Utvalet meiner at revidert dokument må utgreiast på nytt då sakshandsamar har store eigarinteresser i området og vi meiner han dermed er inhabil.»

Faun naturforvaltning AS blei så engasjert til å kome med revidert høyringsuttale.

Konklusjon:

Vedlagte høyring for Fyresdal kommune vedrørende vilkårsrevisjonen av Finndølavassdraget blir sendt over til NVE.

Innstilling:

Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon/konsesjonar:

- Kgl. Res. av 7.4.1961—Tillatelse til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget
- Kgl.res. av 14.8.1970- Ytterligere regulering og overføring i Finndølavassdraget
- Kgl. res av 22.3.1991 -Bygging av Haukrei kraftverk

Fyresdal kommune avgir med dette si høyring vedrørende vilkårsrevisjon for Finndølavassdraget samla for gitte konsesjonar og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 12.03.2019

Forslag frå Arbeiderpartiet v/ Øyvind Kile:

Punkt ang. utbedring av massuttak Valevatn (side 6 i høyringsnotat) blir fjerna.
Samt ang. det same på punkt 9 i konkretisering av krav (side 15 i høyringsnotat).

Forslag frå Senterpartiet v/ Guro Libjå:

Av hensyn til landbruksnæringa i Kleivgrend må vi fylgje NVE sitt forslag i høyringsforslaget på minstevassføring. Punkt 8 i konkretisering av krav blir tatt ut (side 15 i høyringsnotat).

Ved avstemming blei forslag frå Arbeiderpartiet v/ Øyvind Kile og frå Senterpartiet v/ Guro Libjå samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 12.03.2019

Punkt ang. utbedring av massuttak Valevatn (side 6 i høyringsnotat) blir fjerna.
Samt ang. det same på punkt 9 i konkretisering av krav (side 15 i høyringsnotat).

Av hensyn til landbruksnæringa i Kleivgrend må vi fylgje NVE sitt forslag i høyringsforslaget på minstevassføring. Punkt 8 i konkretisering av krav blir tatt ut (side 15 i høyringsnotat).

Handsaming i Formannskap - 13.03.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 13.03.2019

Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon/konsesjonar:

- Kgl. Res. av 7.4.1961—Tillatelse til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget
- Kgl.res. av 14.8.1970- Ytterligere regulering og overføring i Finndølavassdraget
- Kgl. res av 22.3.1991 -Bygging av Haukrei kraftverk

Fyresdal kommune avgir med dette si høyring vedrørande vilkårsrevisjon for Finndølavassdraget samla for gitte konsesjonar og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming.

Handsaming i Kommunestyret - 28.03.2019

Björg T. Hopland reiste spørsmål om sin habilitet som grunneigar i området. Ho vart samrøystes kjent inhabil og deltok ikkje i den vidare handsaminga.

Framlegg frå Øyvind Kile:

Punkt ang. utbedring av massuttak Valevatn (side 6 i høyringsnotatet) blir fjerna. Samt ang. det same på punkt 9 i konkretisering av krav (side 15 i høyringsnotatet).

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet med framlegget frå Øyvind Kile.

Vedtak i Kommunestyret - 28.03.2019

Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon/konsesjonar:

- Kgl. Res. av 7.4.1961—Tillatelse til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget
- Kgl.res. av 14.8.1970- Ytterligere regulering og overføring i Finndølavassdraget
- Kgl. res av 22.3.1991 -Bygging av Haukrei kraftverk

Fyresdal kommune avgir med dette si høyring vedrørande vilkårsrevisjon for Finndølavassdraget samla for gitte konsesjonar og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming.

Erik Skjervagen	
ordfører	